



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
04.03.2016
Dykkar dato
17.02.2016

Vår referanse
2016/2215 421.3
Dykkar referanse
16/198

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - Gnr. 51 bnr. 9 - Landsvik - Uttale til dispensasjon til frådelling av tilleggsareal

Vi viser til brev frå kommunen av 17.02.2016 med frist 16.03.2016. Saka gjeld dispensasjon frå føremålet LNF i arealdelen av kommuneplanen for frådelling av tilleggsareal til bebygd bustadparsell. Bustadtomta, gnr. 51 bnr. 91 har i dag eit areal på 1020 m². Dersom omsøkt frådelling/grensejustering vert godkjent, vil parsellen få eit areal på om lag 2250 m².

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak det formål området er sett av til i arealdel av kommuneplanen og plan og bygningslova sine føremål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det omsøkte området er markert som innmarksbeite i markslagskart. Det er i utgangspunktet negativt å omdisponere dyrka eller dyrkbar jord. Ei grensejustering som omsøkt vil også stykke opp landbruksarealet meir enn tilfellet er no. Dette kan føre til driftsmessige ulemper. Fylkesmannen kan likevel sjå at det i dette tilfellet kan vere fornuftig med ei grensejustering slik at ein får plen til huset inn på tomta. Fylkesmannen er skeptisk til å utvide tomta lengre nordvest da ein slik utviding vil føre til ytterlegare oppstykking av landbruksareal.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til frådelinga slik den no ligg føre.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.